

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval
Giske formannskap

Møtedato
14.09.2026

Saknr
079/26

Forskrift om teljedatoar for tildeling av tilskot til private barnehagar i Giske kommune

Innstilling

Giske formannskap gjer vedtak om å sende framlegg til forskrift om tilskot til private barnehagar i Giske kommune på høyring til aktuelle instansar. Høyringsfristen er 11.11.2026.

Heimel: *lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker* [§ 37](#) andre avsnitt.

Giske formannskap 14.09.2026

Innstillinga samrøystes vedtatt.

F - 079/26 Vedtak:

Vedtak:

Giske formannskap gjer vedtak om å sende framlegg til forskrift om tilskot til private barnehagar i Giske kommune på høyring til aktuelle instansar. Høyringsfristen er 11.11.2026.

Heimel: *lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker* [§ 37](#) andre avsnitt.

Vedlegg

Retningslinjer for tildeling av tilskot til private barnehagar i Giske kommune
Framlegg til forskrift om telejdato for tildeling av tilskot til private barnehagar i Giske kommune

Innleiing

Dersom kommunane skal ha fleire teljedatoar for tildeling av tilskot enn 15.12. må dette fastsetjast i forskrift.

Saksutgreiing

Giske kommunestyre har **retningslinjer** for tildeling av tilskot til private barnehagar i Giske kommune. Retningslinjene blei vedtatt i 2017 og sist revidert 19.06.2025, jf. k-sak 49/2025. I forskrift om finansiering av private barnehager av 23.03.2026 (finansieringsforskrifta) [§ 5](#) fjerde avsnitt er det tydeleggjort at dersom kommunane skal praktisere fleire teljedatoar enn 15.12. må dette fastsetjast i **forskrift**. Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidend. For at forskrifta skal vere gjeldande frå 2027 må ho kunngjerast innan utgangen av 2026, jf. denne paragrafen.

Giske kommune har ekstra teljedato for dei private barnehagane. Teljedato 15.08. er teljedatoen som gjeld for hausthalvåret, perioden 01.08. – 31.12. Medan teljedato 15.12. gjeld for påfølgjande vårhalvår. Å ha eigen teljedato for hausthalvåret gjer at tilskotet for perioden er i samsvar med tal på barn i barnehagane i perioden.

Giske kommune har også eigen teljedato for teljing av barn i kommunale barnehagar for vårhalvåret. Datoen er 01.01. Vedtaket er gjort med heimel i finansieringsforskrifta [§ 2](#) andre avsnitt. For å kunne hente tala direkte ut frå årsmeldingane bør dette teljetidspunktet endrast til 15.12. i føregåande år, jf. første avsnittet i denne paragrafen.

I tillegg inneheld retningslinjene punkt om ekstra tilskot til flyktningbarn og barn med særskilde behov. Dette blir vidareført i den nye forskrifta.

Forslag til forskrift skal sendast på høyring til aktuelle instansar. Høyringsinstansar i Giske kommune er dei private barnehagane i kommunen, Norlandia barnehager drift, Private Barnehagers Landsforbund, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Delta og Møre og Romsdal Revisjon SA. Frist for å sende kommunen innspel må vere på minimum seks veker. Kommunen skal vurdere innspela og eventuelt gjere endringar

Heimelsgrunnlaget:

Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker [§ 37](#) andre avsnitt.

Vurdering

Proessen med å fastsetje forskrift må starte med å sende forslaget på høyring til aktuelle instansar.

Økonomiske konsekvensar

Det samla talet på barn blir som regel redusert frå vårhalvåret til nytt barnehageår om hausten. Dette fører til redusert tilskot til dei private barnehagane i hausthalvåret.

Tilknyting til kommuneplan

[Samfunnsdelen](#) av kommuneplanen

FN sine berekraftsmål

SYMBOL	TITTEL	DENNE SAKA SI TILKNYTING
	BEREKRAFTIGE BYAR OG LOKALSAMFUNN	Ordninga med høve til tilskot utanom ordinære teljedatoar for flyktningbarn og barn med særskilde behov eller der sosiale omsyn gjer seg gjeldande, støttar særleg

		opp under kommunen sine mål om sosial berekraft, inkludering, tidleg innsats og likeverdige oppvekstvilkår.
--	--	---

Kommunedirektøren sin konklusjon:

Framlegg til forskrift kan sendast på høyring til aktuelle instansar.